

---

Saknr: 2020/45529-1  
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		28.04.2020

## Utlysing av driftskontrakt 4604 Bergen-Os-Austevoll

Forslag til vedtak:

1. Driftskontrakt 4604 Bergen-Os-Austevoll vert lyst ut med driftsoppstart 1.9. 2021 for fem år, med mogeleg forlenging fram til 31.12.2029, med eitt års opsjon.
2. Dagens drift- og vedlikehaldsstandard vert vidareført.

## Samandrag

Driftskontrakt for Bergen-Os-Austevoll skal lysast ut på anbod vinteren 2020/21 med oppstart 1.9.2021. Kontrakten erstattar tidlegare 1202 StorBergen-kontrakten som omfattar Bergen kommune med unntak av Fyllingsdalen og Laksevåg, som går ut av denne kontrakten. Os i Bjørnefjorden kommune og Austevoll inngår i denne kontrakten som tidlegare. Osterøy er teke ut av det gamle kontraktsområde 1202 StorBergen og overført til kontrakt 1206 Voss 2019-2024.

Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert vidareført. Det er ikkje teke stilling til kva oppgjersform kontrakten skal ha enno.

Dina Johanne Lefdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er planlagt å lyse ut ny driftskontrakt for veg kalla 4604 Bergen-Os-Austevoll vinteren 2020/2021 for perioden 1. september 2021 til 31. august 2026. Det er mogeleg å forlenge kontrakten med tre år fram til 31. august 2029 dersom partane er samde om det. Utover dette kan kontrakten lengast med eitt års opsjon, enten frå september 2026 eller september 2029.

### Historikk

Arbeidet med drift og vedlikehald av fylkesvegar har fram til 1.1.2020 vore organisert gjennom sams vegadministrasjon. Det vil sei at Statens vegvesen har drifta og forvalta fylkesvegane på vegne av fylkeskommunane.

Etter regionsreforma pr. 1.1.2020 har Vestland fylkeskommune overteke oppgåvene. Det er avklara overgangsordningar mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane for oppfølging av allereie utlyste kontraktar. Fylkeskommunen har felles StorBergen-kontrakt med Statens vegvesen fram til 31. august 2021.

### Generelt om driftskontraktar

Med drift meiner vi oppgåver og rutiner som er naudsynte ute på vegnettet for at vegane skal haldast opne og fungere godt for trafikantane sin daglege bruk. Driftskontraktane omfattar i hovudtrekk:

- Drift av drencsystem for å sikre frie vassvegar
- Lapping og reparasjon av lokale skader på asfaltdekke
- Drift og vedlikehald av murar, støyskjermar, stabilitetssikring, kantstein, gjerde, rekkverk, skilt, rasteplassar, leskur m.m.
- Drift av grøntareal og skråningar, reinhald, inspeksjon av vegnettet, reinhald og reinsk av tunnelar, trafikkberedskap, inspeksjon og reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaiar
- Vinterdrift

Driftskontraktane omfattar ikkje:

- Dekkefornyning
- Oppmerking
- Drift av veglys
- Vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drenc- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaiar
- Investeringsoppgåver

### Standard som er lagt til grunn

I driftskontrakten vil det blir lagt til grunn standard som går fram av Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksveger. Dette er same standard som vart lagt til grunn då Statens vegvesen lyste ut driftskontraktar på vegne av fylkeskommunane gjennom sams vegadministrasjon. Operativ standard vert bestemt ut frå kor viktig vegen er, trafikk, klima og miljø.

### Utfordringar på vegnettet

Driftskontrakt Bergen-Os-Austevoll inneheld bykjernen i Bergen. Dette er spesielt for denne kontrakten. I tillegg er det ein stor del kommunale vegar som kryssar fylkesvegar. I tillegg kjem bybana. Driftinga av vegnettet må difor skje på tider då trafikken er låg. Det betyr at mykje av arbeidet blir utført på natt, noko som fordyrar drifta mykje.

Dreneringssystemet er gamalt i Bergen sentrum og skapar utfordringar med mykje vatn, kummar og leidningar er underdimensjonerte og klarar ikkje å ta unna vassmengdene.

Det er også utfordringar der bybane og bussar følgjer same trase. Dette gjeld spesielt i Kaigata og ved Bystasjonen og kor fylkesveg kryssar bybana. I desse traseane er det ingen stopp i trafikken som gjer det mogleg å drifte vegsystemet på ein god måte.

Sykkelvegar i Bergen sentrum har ulike krav til vinterdrift. Årsaka er at Bergen kommune har ansvar for nokre sykkelvegar og fylkeskommunen har ansvaret for andre. Fylkeskommunen har

strengere krav til vinterdrift enn kommunen. Dette kan vere vanskeleg for brukarane av vegnettet å forstå.

Vurderingar og verknader av utlysing av driftskontrakt for 4604 Bergen-Os-Austevoll

**Driftsperiode**


Det er planlagt å lyse ut driftskontrakt 4604 Bergen-Os-Austevoll vinter/vår 2021 for perioden 1.september 2021 til 31. august 2026. Det er mogeleg å forlenge kontrakten med tre år fram til 31. august 2029 dersom partane er samde om det. Utover dette kan kontrakten lengast med eitt års opsjon.

**Driftsområde**

Kontrakten erstattar tidlegare 1202 StorBergen-kontrakten som omfattar Bergen kommune, med unntak av Fyllingsdalen og Laksevåg som går ut av denne kontrakten. Os i Bjørnefjorden kommune og Austevoll inngår i denne kontrakten som tidlegare. Osterøy er teke ut av det gamle kontraktsområde 1202 StorBergen og overført til kontrakt 1206 Voss 2019-2024.

Den nye driftskontrakten omfattar drifts- og vedlikehaldsoppgåver for fylkesvegar og gang- og sykkelvegar med tilhøyrande sideareal, utstyr og installasjonar. Dagens kontrakt for StorBergen inneheld i tillegg riksvegar og gang- og sykkelvegar på riksvegnettet. Statens vegvesen vi ha eigen kontrakt for desse vegane.

Kart over området som inngår i kontrakten:



### Vegnettet

Vegnettet i kontrakten utgjør om lag 367 km fylkesveg og 50 km gang- og sykkelvegar.

I kontraktsområdet er det deler av vegnettet kor det er høveleg å inngå avtalar med kommunane for å få ei meir rasjonell drift.

Det er inngått avtale med Bergen kommune om rutinemessig feiing av vegbane m/langsgående fortau og tømning av avfallsbeholdar på ein del vegstrekningar i Bergen sentrum. Det er presisert at andre driftsoppgåver knytt til desse areala og avfallsbeholdarar ikkje inngår i denne kontrakten. Denne avtalen vert vidareført i ny kontrakt.

### Økonomi

Noverande StorBergen-kontrakt har vore underprisa. Akseptabelt tilbod den gongen var på 525 mill.kr, noko som var minst 80 mill.kr for lågt. Dette har ført til mange utfordringar i høve til å få utført dei oppgåvene som var nedfelt i kontrakten. Underprisinga i dagens kontrakt har til dømes medført redusert omfang på feiing/reinhal og grøntvedlikehald for å holde seg innanfor budsjett.

### Kontraktstrategi

Vi vil vurdere kva som vil vera tenleg oppgjersform i den vidare prosessen. Frå og med 2018 har driftskontraktane endra vinteroppgjer til å betale for utført minutt og medgått mengde salt. Vintrar varierer i omfang og to år er kort grunnlag for konklusjon, men det ser ut som at dette medfører noko lågare vinterkostnader.

Vedtakskompetanse

Denne saka skal avgjerast av Hovudutval for samferdsel og mobilitet, i samsvar med Administrativt delegeringsreglement gjeldande frå 14.01.2020.

#### Konklusjon

Driftskontrakt Bergen-Os-Austevoll vil bli lyst ut på anbod vinteren 2020/2021 for perioden 1.september 2021 til 31. august 2026. Det er mogeleg å forlenge kontrakten med tre år fram til 31. august 2029 dersom partane er samde om det. Utover dette kan kontrakten lengast med eitt års opsjon.

Kontrakten vil verte lyst ut med driftsstandard som gjeld for tilsvarande riksvegar, og som er ei vidareføring av driftsstandarden i dagens kontrakt.

Kva oppgjersform som skal ligge til grunn for den nye kontrakten er enno ikkje avgjort.

Fylkesdirektøren reknar med at den nye kontrakten får større kostnader enn inneverande driftskontrakt.